

Bibl.


# ÅRSMELDING 1987

FISKERIDIREKTORATET  
HOVEDBIBLIOTEKET



21 OKT. 1988



## Fiskerirettleiaren i Austevoll



FISKEOPPFØRETT I AUSTEVOLL 1977 - 89



ÅRSMELDING FOR 1987 FRÅ FISKERIRETTLEIAREN  
I AUSTEVOLL

1. Fiskerirettleiarkontorets virke og funksjon

- 1.1. Fiskerirettleiarkontoret
- 1.2. Personalet
- 1.3. Korrespondanse
- 1.4. Møteverksemnd/viktige prosjekter
- 1.5. Deltakelse i utvalg, nemnder, råd og komitear
- 1.6. Tenestereiser utanfor tenesteområdet
- 1.7. Fiskerinemnder
- 1.8. Møteverksemnd i fiskerinemndene
- 1.9. Fiskerinemndsaker
- 1.10. Administrative erfaringar med tenesta i meldingsåret

2. Sysselsettinga i fiskerinæringa

- 2.1. Fiskarmanntalet
- 2.2. Sysselsettinga i foredlingsleddet
- 2.3. Sysselsettinga i oppdrettsnæringa
- 2.4. Avleia verksemnd

3. Fiskeflåten

- 3.1. Fiskeflåten
- 3.2. Merkerregisterdata 1987

4. Foredlingsleddet

- 4.1. Mottakstasjonar/tilverknad

5. Fiskeoppdrett/Akvakultur

6. Låne-og finansieringskjelder

- 6.1. Statens Fiskarbank
- 6.2. Andre låne-og finansieringskjelder

7. Tiltak/tiltaksarbeid

8. Summering

- 8.1 Rettleiingstenesta

## 1. Fiskerirettleiarkontorets virke og funksjon.

### 1.1. Fiskerirettleiarkontoret.

Sone 5, femnar om Austevoll Kommune åleine (jfr. soneinndeling frå fylkesfiskeristyret i Hordaland). Rettleiarkontoret i Austevoll er lagt til kommunens administrasjonshus på Storebø.

I tillegg til Austevoll Kommune så er tenesteområdet utvida til også å femna om kommunane, Os, Tysnes, Fusa og Samnanger i sone 2, med kontordag på Osøyro ein dag i veka, i Fusa 2 kontordager pr. mnd. og ein kontordag pr. mnd. i Tysnes.

Ordninga tok til som ei prøveordning i 1982, men fortsette som ei utvida prøveordning også i 1983, 1984, 1985, 1986 og 1987.

Samnanger kom først med i ordninga frå 01.01.84.

I Austevoll er fiskerikontoret avdelt i 3 adskilte rom, d.v.s. eige kontor til kvar av dei tilsette.

Kontora er lyse og trivelege og praktisk innreia til sitt bruk m/kontorutstyr, konferansebord, brosjyrehyller og arkivsakk m.m.

Kontoret på Osøyro er i Dan Pedersen sitt bygg i sentrum, og dette kontoret er også tilfredsstillande.

Kontoret i Fusa er på møterommet til Formannskapet i kommuneadministrasjonen, og i Tysnes vert nytta ordføraren sitt kontor.

### 1.2. Personalet.

Fiskerirettleiarkontoret i Austevoll er bemanna med følgjande:

Fiskerirettleiar Hans Austevoll

Konsulent Ingebrigt Austevoll.

Kontorfullmektig Gurli Heimark. Alle i full stilling.

Hans Austevoll har vore tilsett ved kontoret til

Fiskerisjefen i Hordaland 4 dg. i veka jan. og febr.

I same tid hadde kontoret i Austevoll tilsett ein kontorassistent, Synnøve Karin Helleset.

Ingebrigt Austevoll hadde permisjon frå 20 juli - 30.

august. I den tida fungerte Gurli Heimark som konsulent og Synnøve Karin Helleseth fungerte i Gurli Heimark sin stilling.

Dei tilsette har samla relativt godt kjennskap til dei ulike ledd innanfor fiskerinæringa, innanfor vedkomande tenestedistrikt.

1.3. Korrespondanse.

Inn- og utgåande brevjournal:	<u>1984</u>	<u>1985</u>	<u>1986</u>	<u>1987</u>
Austevoll inng.	<u>832</u>	<u>911</u>		
Os, Tysnes, Fusa og Samnanger.inng.	<u>269</u>	<u>235</u>		
Totalt inngåande	<u>1.105</u>	<u>1.146</u>	<u>1.027</u>	<u>996</u>
Austevoll utg.	<u>1.079</u>	<u>1.206</u>		
Os, Tysnes, Fusa og samnanger, utg.	<u>535</u>	<u>624</u>		
Totalt utgåande	<u>1.614</u>	<u>1.830</u>	<u>1.615</u>	<u>1.376</u>

Korrespondansen syner ein viss nedgang frå 1985 til 1987 både på inngåande og utgåande brevjournal.

1.4. Møteverksemd/viktige prosjekter.

Fiskerirettleiaren sine arbeidsoppgåver har vore mange og varierande i meldingsåret. Dette har resultert i ein god del møteverksemd og synfaringer. Utanom sjølve møteverksemda i fiskerinemndene skal ein i stikkordsform nemna:

- møter i samband med kytzoneplanlegging i Austevoll og Fusa
- møter i samband med kommuneplanen i Austevoll
- møter i samband med planer om utbygging av Akvakulturstasjonen i Austevoll.
- div. møter på Akvakulturstasjonen i Austevoll.
- div. ekskursionsturar i Austevoll med delegasjonar
- div. møter i Bergen. Fiskeridirektoratet, Fiskerisjefen og andre møter i Bergen.

Prosjekt som har engasjert kontoret særleg kan her nemnast:

- søknader, synfaring og møter vedr. marine fiskearter, samt nye lokaliteter for laks og aure.
- tilrettelegging av fiskerinemndssaker for heile rettleserona.
- Kommuneplanen i Austevoll og Strandplaner i Os
- fiberkabel langs Norskekysten, Televerkets prosjekt.
- fiskarmanntalet.
- div. søknader til fiskeridirektoratet, og særleg søknader om vassildtrålløve frå ringnotfartøya.

1.5. Deltakelse i utvalg, nemnder, råd og komiteer.

Fiskerirettleiaren har i meldingsåret vore medlem og delteke i følgjande:

- Teknisk utvalg i Austevoll
- Evalueringsutvalget for Rettleiingstenesta.
- Fiskerisjefen sin representant i styret for Fusa og Kvam F.oppdr. lag.

1.6. Tenestereiser utanfor rettleiarsona.

Dei viktigaste tenestereiser som fiskerirettleiaren har hatt utanom tenestedistriktet kan i stikkordsform nemndast:

- div. møter hos Fiskerisjefen
- div. møter i Fiskeridirektoratet

1.7. Fiskerinemnder.

1.7. a. Fiskerinemnda i Austevoll (kontorkommunen)

Sigvald Hufthammer, (form.)	5384	Torangsvåg
Inge Halstensen, (v.form.)	5397	Bekkjarvik
Reidun Jørgensen, (medl.)	5387	Møkster
Frode Møgster, (medl.)	5394	Kolbeinsvik
Arne Birkeland, (medl.)	5392	Storebø

Varamedlemar:

Jan Hevrøy,	5392	Storebø
Øystein Rabben	5397	Bekkjarvik
Arne Ingolf Klepsvik	5385	Bakkasund
John-Kaare Våge	5398	Stolmen
Erling Haugland	5392	Storebø

1.7.b. Fiskerinemnda i Os.

Reidar Skåtøy, (form.)	5215	Lysekloster
Leif Arne Røttingen (v. form.)	5228	Lepsøy
Turid Bruarøy, (medl.)	5228	Lepsøy
Magne Aasen, (medl.)	5228	Lepsøy
Inger M. Eidsvik, (medl.)	5222	Nordstrøno

Varamedlemar:

Einar Dale,	5228	Lepsøy
Johannes Lie	5227	Søre Neset
Hans O. Skorpen,	5215	Lysekloster
Petra Margrete Lunde,	5227	Søre Neset
Ingrid Strønen,	5228	Lepsøy

1.7.c. Fiskerinemnda i Fusa og Samnanger.

Medlemar frå Fusa:

Olav Bråten,	(form.)	5674	Sævareid
Håkon Skare,	(medl.)	5640	Eikelandssosen
Modgunn Ådland	(medl.)	5648	Holmefjord

Varamedlemar:

Olav Åsvang,		5676	Baldersheim
Anfinn Matland,		5648	Holmefjord
Tomas J. Ådland,		5648	Holmefjord

Medlemar frå Samnanger:

Mons M. Utskåt	(v. form.)	5650	Tysse
Haldor H. Lie	(medl.)	5658	Ådland

Varamedlemar:

Elvin Jørgensen		5650	Tysse
Erling Nygård,		5650	Tysse

1.7.d. Fiskerinemnda i Tysnes.

Leiv Alskaer	(form.)	5694	Onarheim
Magnus Andersen	(v. form.)	5683	Reksteren
Gjermund Rosseland	(medl.)	5694	Onarheim
Trygve Storetveit	(medl.)	5680	Tysnes
Birger Økland	(medl.)	5685	Uggdalseidet

Varamedlemar:

Magnus Alsaker,		5694	Onarheim
Olav Vernøy,		5683	Reksteren
Olav Storesetre		5694	Onarheim
Tormod Dalland,		5680	Tysnes
Asbjørn Jensen,		5680	Tysnes

1.8. Møteverksemd i Fiskerinemndene.

Oversyn over fiskerinemndsmøter og saksmengde for kvar enskild kommune innanfor fiskerirettleiaren i Austevoll sitt tenesteområde.

Austevoll Kommune:

7 møter, handsaming av i alt 126 saker.

Os Kommune:

3 møter, handsaming av 21 saker.

Fusa og Samnanger Kommune:

2 møter, handsaming av 9 saker.

Tysnes Fiskerinemnd:

3 møter, handsaming av 14 saker.

1.9. Fiskerinemndsaker.

Både i Austevoll, Os, Fusa og Samnanger, og Tysnes har fiskerinemnda vore lett å samla til møte til ei kvar tid, og medlemne i kvar enskild nemnd har teke positivt del i dei enskilte saker som har vore framlagt til handsming. I den grad det har vore mogeleg så har medlemne i nemnda fått tilsendt saksliste saman med møteinnkalling i god tid på førehand, og medlemne er såleis godt førebudd ved fram møte i nemnda. Dette kortar også ned møtetida i nemndene.

I meldingsåret vart det til saman handsama 170 saker i desse fiskerinemndene, og ved å sjå attende på foregåande kap. så syner hovuddelen av dette aktiviteten frå fiskerinemnda i Austevoll som hadde 126 saker oppe til handsaming i året som gjekk.

Forutan lånesøknader til Statens Fiskarbank, som kjem som eige kap., så hadde fiskerinemndene mange andre ulike saker til handsaming som i stikkordsform kan nemnast:



Austevoll Fiskerinemnd:

- 8 søknader til Fiskerisjefen om konsesjon for marine fiskearter.
- 1 søknad til Fiskerisjefen om nødlokalitet for uts. av lakesmolt.
- 8 søknader til Fiskerisjefen om lokalitetsendring frå etablerte fiskeoppdrettsanlegg.
- 4 søknader til Fiskeridirektoratet om nybygg, 2 ringnotfartøy, 1 bomtråler og 1 industritråler.
- 3 søknader til Fiskeridirektoratet om innføring i merkeregisteret av eldre fartøy.
- 4 søknader til Fiskeridirektoratet om eigeomsendring i fiskefartøy.
- 19 søknader til Fiskeridirektoratet om vassildtrål-konsesjon frå ringnotfartøy.
- 1 søknad til Fiskeridirektoratet om torsketrål-konsesjon.

Av andre saker fiskerinemnda hadde til handsaming var følgjande:

- 34 søknader om løyve til bruk av areal i eit område avgrensa til 100 m. frå strandlina.
- Garantikassesaker.
- Referatsaker.
- Fiskarmanntalssaker.
- forsalg til praktiske fiskeforsøk og og veiledningsteneste for 1988.
- budsjettforsalg for 1988.

Fiskerinemnda i Austevoll hadde vidare følgjande saker til uttale:

- Uttale vedk. plassering av utandlandske fabrikkskip i Austevoll.
- Uttale vedk. søknader om opptak av skjellsand.
- Kommuneplan fo Austevoll 1986 - 1993.
- Uttale vedk. trassevalg for sjøkabler.
- Uttale vedk. Norsk Fiskeripolitikk
- Utbygging av fiskerihavner, prioritering.

Os Fiskerinemnd:

- 3 søknader til Fiskeridirektoratet om vassildtrålkonsesjon
- 1 søknad til Fiskersjefen om konsesjon for oppdrett av marine fiskearter
- 4 søknader til uttale vedk. bruk av areal i eit område avgrensa til 100 m frå strandling.
- uttale vedk. strandplan i Os.
- uttale vedk. søknader om trasevalg for sjøkabel og vassleidningar.
- uttale vedk. Fiskerinemnda si rolle ved saker i strandbeltet
- uttale vedk. søknader om utlegging av flytebrygger
- uttale vedk. fastsetjing av grenser i sjø/land i Oselva
- Fiskarmanntalsaker
- Referatsaker.

Fusa og Samnanger Fiskerinemnd.

- 1 søknad om flytting og utviding av matfiskanlegg.
- 1 søknad om konsesjon for oppdrett av skalldyr.
- uttale vedk. reguleringsplan Strandvik sentrum.
- uttale vedk. dumping av steinmasser i sjø v/Vengjanaset.
- Fiskarmanntalsaker.
- Reguleringsaker.

Tysnes Fiskerinemnd:

- 1 søknad om flytting av matfiskanlegg av laks og aure.
- 2 søknader om utsetting av midlertidig laksesmolt.
- 1 søknad om konsesjon for marine fiskearter.
- 4 søknader om konsesjon for skjell.
- 1 søknad om konsesjon for stamfisk av laks og aure.
- Fiskarmanntalsaker.
- Referatsaker.
- uttale vedk. vegplan.
- uttale vedk. utlegging av flytebrygger.
- uttale vedk. utsleppsloyve frå boligfelt og hyttefelt.

### 1.10. Administrative erfaringer med tenesta i meldingsåret.

Med den bemanninga rettleiarkontoret i Austevoll har, så må me kunna seia at rettleiartenesta fungerer godt, men det er også heilt klart at p.g.a. utvida tenesteområde til også å femna om kommunane Os, Fusa, Samnanger og Tysnes så har dette gjeve rettleiarkontoret i Austevoll ei auka arbeidsmengde.

Prøveordninga for desse kommunane er etter kvart blitt meir og meir kjend, og dette krev igjen ein ekstra innsats for rettleiaren og dei tilsette ved kontoret.

For å halda tidsfreistane for ein god del arbeidsoppgåver er det til enkelte tider nødvendig med ei streng prioritering av arbeidsoppgåvene. Sjølv om me har fått auka arbeidspress så har me i dei fleste høve møtt positiv samarbeidsvilje, fiskerinemndene/fiskarane har vore lett å få kontakt med, og me har følt at dei har sett pris på dei tenester me har kunna vore hjelpeleg med.

## 2. Sysselsettinga i fiskerinæringa.

### 2.1. Fiskarmanntalet.

#### Tabell 2.1. Fiskarmanntalet. Fiskarar fordelt etter aldersgrupper og fiske som leveveg samt gjennomsnittsalder.

Tabellen nedanfor syner manntalslistene (liste 1) asjourført ved utgangen av åra 1983 til 1987 for kommunane Austevoll, Os, Fusa, Tysnes, samt Samnanger frå 1984 til 1987.

Liste B syner kor mange som har fiske som hovudyrke, og liste A syner kor mange som har fiske som attåttnæring.

Tabell 2.1.a. Austevoll Kommune.

År	Inn- deling	Fiskere fordelt etter aldersgrupper							Totalt	Gj.sn. alder
		15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70 og over		
1983	Blad A	0	2	2	3	11	21	37	76	66,50
	Blad B	23	100	62	33	32	15	1	266	34,88
	Totalt	23	102	64	36	43	36	38	342	41,90
1984	Blad A	0	1	3	4	10	19	37	74	66,84
	Blad B	24	96	60	32	24	13	1	250	33,79
	Totalt	24	97	63	36	34	32	38	324	41,34
1985	Blad A	0	0	3	3	11	25	39	81	67,82
	Blad B	19	82	65	33	26	10	3	238	34,30
	Totalt	19	82	68	36	37	35	42	319	43,09
1986	Blad A	0	0	3	2	7	21	44	77	69,64
	Blad B	19	85	68	32	22	12	2	240	34,40
	Totalt	19	85	71	34	29	33	46	317	42,96
1987	Blad A	0	1	4	4	6	21	47	83	66,69
	Blad B	22	75	67	33	20	11	2	230	34,12
	Totalt	22	76	71	37	26	32	49	313	42,75

Talet på fiskarar som har fiske som hovudyrke syner ein viss nedgang frå 1983-1987.

Ved å samanlikna A-fiskarane frå 1983 - 87, så er denne tabellen omtrent uforandra.

For 1983 til 1987 ser me at talet på B-fiskarar har ein klar topp i aldersgruppa 20-29 år, og dernest aldersgruppa 30-39 år. Gjennomsnittsalderen er gått litt ned i 1987.

Av A-fiskarar er det mest eldre folk, og med ein klar topp i aldersgruppa over 70 år. For desse som er over 70 år så må verksemnda deira nærast betraktast som ei hobbyverksemnd. Gjennomsnittsalderen for A-fiskarar er gått litt ned i 1987.

Både for Austevoll ovanfor og Os, Fusa og Tysnes nedanfor, så er talet på dei som er innanfor fiskaryrket i løpet av året noko høgare enn det fiskarmanntalet syner. Eg tenkjer her på skuleungdom og andre som er med på ein tur eller to, eller kanskje ein heil sesong. Ein fiskeristatistikk ved gjennomgåing av C-skjemaer og trekkoppgåver frå fiskeridrift ville nok visa eit adskilleg høgare tal av fikarar enn det fiskarmanntalet syner.

Tabell 2.1. b. Os Kommune.

År	Inn- deling	Fiskere fordelt etter aldersgrupper							Totalt	Gj.sn. alder
		15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70 og over		
1983	Blad A	0	0	0	0	0	3	7	10	70,40
	Blad B	14	25	17	4	9	4	0	73	32,45
	Totalt	14	25	17	4	9	7	7	83	37,00
1984	Blad A	0	0	0	0	0	4	8	12	70,59
	Blad B	10	21	16	8	7	3	0	65	32,94
	Totalt	10	21	16	8	7	7	8	77	38,81
1985	Blad A	0	0	0	0	0	4	5	9	70,67
	Blad B	9	18	16	9	6	5	0	63	34,48
	Totalt	9	18	16	9	6	9	5	72	39,00
1986	Blad A	0	0	0	0	0	2	8	10	72,00
	Blad B	6	14	14	8	6	5	1	54	36,49
	Totalt	6	14	14	8	6	7	9	64	42,04
1987	Blad A	0	0	0	0	0	3	8	11	72,00
	Blad B	5	13	12	12	5	5	1	53	38,15
	Totalt	5	13	12	12	5	8	9	64	43,96

Tabellen for Os Kommune syner at hovuddelen av B-fiskarar er i aldersgruppa 20 - 39 år. Dei siste åra er tabellen omtent uforandra.

Tabell 2.1. c. Fusa Kommune.

År	Inn- deling	Fiskere fordelt etter aldersgrupper							Totalt	Gj.sn. alder
		15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70 og over		
1983	Blad A	0	0	2	2	2	7	3	16	58,93
	Blad B	0	3	4	4	2	2	0	15	40,86
	Totalt	0	3	6	6	4	9	3	31	48,24
1984	Blad A	0	0	3	0	2	5	2	12	58,09
	Blad B	0	4	2	5	2	1	0	14	41,00
	Totalt	0	4	5	5	4	6	2	26	48,89
1985	Blad A	0	0	2	0	1	5	3	11	61,27
	Blad B	2	0	3	3	2	1	0	11	41,00
	Totalt	2	0	5	3	3	6	3	22	51,14
1986	Blad A	0	0	2	0	1	4	4	11	62,28
	Blad B	2	0	2	3	3	1	0	11	42,00
	Totalt	2	0	4	3	4	5	4	22	52,14
1987	Blad A	0	0	1	0	2	3	3	9	62,33
	Blad B	1	2	2	4	3	1	0	13	39,92
	Totalt	1	1	3	4	5	4	3	22	49,09

Tabellen for Fusa Kommune syner at det er få fiskarar i dei yngste aldersgruppene.

Av B-fiskarar er hovuddelen frå 30 - 49 år.

Talet på fiskarar i Fusa viser små endringer dei siste åra.

Tabell 2.1. d. Tysnes Kommune.

År	Inn- deling	Fiskere fordelt etter aldersgrupper							Totalt	Gj.sn. alder
		15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70 og over		
1983	Blad A	0	0	1	1	4	4	2	12	58,75
	Blad B	0	1	1	1	1	4	0	8	51,25
	Totalt	0	1	2	2	5	8	2	20	55,75
1984	Blad A	0	0	1	0	3	7	2	13	61,08
	Blad B	0	2	0	2	1	3	0	8	47,50
	Totalt	0	2	1	2	4	10	2	21	55,91
1985	Blad A	0	0	1	0	3	4	2	10	60,30
	Blad B	0	2	0	2	1	3	0	8	42,25
	Totalt	0	2	1	2	4	7	2	18	52,28
1986	Blad A	0	0	1	0	3	2	4	10	61,30
	Blad B	0	2	1	1	1	3	0	8	47,00
	Totalt	0	2	2	1	4	5	4	18	54,90
1987	Blad A	0	0	1	0	3	1	4	9	62,00
	Blad B	0	1	1	2	2	3	0	9	50,33
	Totalt	0	1	2	2	5	4	4	18	56,16

Samanlikna med kommunane Austevoll, Os og Fusa, så syner tabellen for Tysnes ein noko høgare alder på B-fiskarane i denne kommunen. Tabellen syner forøvrig ein viss stabilitet i talet på fiskarar dei 3 siste åra.



Tabell 2.1. e. Samnanger Kommune.

År	Inn- deling	Fiskere fordelt etter aldersgrupper							Totalt	Gj.sn. alder
		15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70 og over		
1984	Blad A	0	0	0	0	0	3	0	3	64,67
	Blad B	0	1	0	0	1	0	0	2	40,50
	Totalt	0	1	0	0	1	3	0	5	55,00
1985	Blad A	0	0	0	0	0	3	0	3	65,67
	Blad B	0	0	0	0	0	1	0	1	60,00
	Totalt	0	0	0	0	0	4	0	4	64,25
1986	Blad A	0	0	0	0	0	3	0	3	66,67
	Blad B	0	0	0	0	0	1	0	1	61,00
	Totalt	0	0	0	0	0	4	0	4	65,25
1987	Blad A	0	0	0	0	1	2	1	4	65,50
	Blad B	0	0	0	0	0	1	0	1	62,00
	Totalt	0	0	0	0	1	3	1	5	64,80

Ved utgangen av 1987 viste fiskermanntalet i Samnanger kun 1 person på bl. B og 4 personer på bl. A, og det er det 1 meir enn i 1986.

2.2. Sysselsettinga i foredlingsleddet.

I Austevoll kommune har me fire fiskeforedlingsverksemder og tabelllen nedanfor sysselsettinga ved desse verksemdene frå 1985 til 1987.

Tabell 2.2. Sysselsettinga i foredlingsleddet.

		Heiltidstilsette			Sesongtilsette			Ant. årsverk		
		Menn	Kvinner	Totalt	Menn	Kvinner	Totalt	Menn	Kvinner	Totalt
Austevoll Fiskeindustri	-85	21	29	50	30	10	40	28	32	60
	-86	22	31	54	30	15	45	30	40	70
	-87	36	37	73	10	21	31	35	35	70
Norsk Akva- kultur A/S	-85	4	3	7	15	20	35	10	12	22
	-86	3	2	5	20	20	40	8	16	24
	-87	3	3	6	10	21	31	35	35	70
Austevoll Røykeri A/S	-85	6	9	15	3	4	7	2	4	6
	-86	8	10	18	4	5	9	8	11	19
	-87	4	6	10	7	7	14	8	11	19
Møkster Pakkeri A/S	-85	0	1	1	8	4	12	6	4	10
	-86	0	1	1	12	14	26	6	6	12
	-87	1	1	2	12	14	26	4	8	12

Austevoll Fiskeindustri A/S er eit moderne fisketilverknadsanlegg og hadde ca 90 personer tilsett på topp i sesongen 1987.

Norsk Akvakultur A/S var i utgangspunktet ein moderne fabrikkbygning for mottak og foredling av blåskjell og østers, men p.g.a. mangelfull tilgang på råstoff så har verksemda gått over til kjøp og sal av laks og aure. Verksemda hadde tilsett 60 personar på topp i sesongen.

Austevoll Røykeri A/S er ei moderne verksemd for mottak (kjøp og sal) av laks og aure, samt røyking av desse produkta. Denne verksemda hadde 10 personar tilsett på full tid og 14 personar tilsett på deltid i året som gjekk.

Møkster Pakkeri A/S er ei relativ ny verksemd som starta opp i 1984. I motsetning til dei tre ovanneemde verksemdene, som har kjøps/salgsloyve så driv denne verksemda kun med pakking for andre. I året som gjekk hadde verksemda tilsett 2 personar på full tid og inntil 26 personar på deltid.

### 2.3. Sysselsettinga i oppdrettsnæringa.

I 1987 hadde Austevoll 24 fiskeoppdrettsanlegg for laks og aure i drift i lokalitetar i sjøvatn, samt eit setjefisk-anlegg i ferskvatn. Dessutan starta 2 anlegg opp med oppdrett av torsk og eit anlegg for marin yngel produksjon.

Ved utgongen av 1987 hadde Os kommune 3 fiskeoppdrettsanlegg av laks i lokalitetar i sjøvatn og 1 setjefiskanlegg.

Fusa kommune har i følgje konsesjonsregisteret 22 oppdretts-konsesjonar slik:

- 7 har settefisk-og klekkerikonsesjonar i ferskvatn,
- 2 har matfiskkonsesjonar i ferskvatn (regnbogeaure)
- 1 har matfiskkonsesjon (aure), pluss setjefiskkonsesjon i ferskvatn.
- 1 har matfiskkonsesjon (aure), setjefisk-og klekkeri i ferskvatn.
- 2 har matfiskkonsesjonar både i sjø-og ferskvannslokalitet (laks og aure)
- 1 har matfisk (laks og aure) i sjø og setjefisk i ferskvatn.
- 6 har reine matfiskkonsesjonar for laks og aure i sjø.
- 1 har matfisk for torsk i sjø.

Tysnes kommune har 5 fiskeoppdrettsanlegg for laks i lokalitetar i sjøvatn og 5 setjefiskanlegg i lokaliteter i ferskvatn, 4 av desse sistnemnte i drift.

Samnanger kommune har 1 setjefiskanlegg for laks og aure og 1 torskianlegg i sjø (matfisk).

Tabellen nedanfor syner sysselsettinga ved fiskeoppdrettsanlegga i Austevoll, Os, Fusa, Tysnes og Samnanger i 1987.

Tabell 2.3. Sysselsettinga ved oppdrettsanlegga.

Kommune	Heiltidstilsette	Deltidstilsette	Ant. årsverk.
Austevoll	60	50	85
Os	5	5	7
Fusa	40	30	50
Tysnes	15	15	20
Samnanger	3	3	4

Tabellen ovanfor refererer seg i hovudsak til manleg arbeidskraft. Berre nokre få kvinner er tilsett på deltid.

2.4. Avleia verksemd.

I tilknytning til det tradisjonelle fiske og fiskeoppdrett har Austevoll kommune ei rekkje verksemnder som i stikkordsform kan nemnast:

INDUSTRI

Austevoll Notverksted A/S	Ringnot, trål merder.
Rabben Fiskeredskap	Merder, impregnering, tauverk forankring m.m.
Austevoll Tvinner A/S	Tråd, fletta tråd
Storebø Notbøteri	Reparasjon av nøter.
Rabben Mek Verksted	Nybygg, reparasjonar, flytebrygger m.m.
Storebø Mek Verksted	Båter for fiskeoppdrett, flytebrygger, håver m.m.
Austevoll Nye Industrier A/S	Oppdrettsanlegg
Dalseide Shipping Services	Rustibus, el-installasjon, Elektro-mekanisk verksted.
EB Installasjon	Fôr-utmatingsanlegg, styresystem, tavler m. m.
ATV-Service A/S	Salg, montering og service av marin elektronikk.
Styro Austevoll A/S	Emballasje i styropor
Hordafør A/S	Ensilasje, dødfiskcontainere
Austevoll Rør og Sanitær A/S	Rørleggerarb. sveising av plastrør m.m.

TRANSPORT

1 fôrføringsbåt  
5 føringsbåter med brønn.

FISKEINDUSTRI

Austevoll Fiskeindustri A/S	Kjøpeløyve oppdr. fisk fôrkjøkken, røykeri, fryseri
Nye Austevoll Røykeri A/S	Kjøpeløyve oppdr. fisk røykeri
Norsk Akvakultur A/S	Kjøpeløyve oppdr. fisk
Sea Star International A/S	Salg av oppdrettsfisk
Møkster Pakkeri A/S	Pakking av oppdrettsfisk

KONSULENTER

FIBA Regnskap A/S	Konsulenttenester (investering, drift, regnsk.
District Offshore	Management, oppdrett, sypply
Global Aqua A/S	drift av oppdrettsaktivit. i utlandet.
Austevoll Næringsutvikling	Konsulenttenester

FORSKNING, UNDERVISNING

Fiskeridirektoratets Havforsk.	Forskningsstasjon for akva- kultur, m.m.
Fiskerifagskulen	videregående undervisning akvakultur 3-årig kursverks.
Oppdrettarlaget i Austevoll	

3. Fiskeflåten.

3.1. Fiskeflåten.

I Austevoll er det ringnotflåten som er den dominerande flåte, og ved utgangen av året hadde me 19 fartøy med individuelle konsesjonar frå 4.900 til 13.900 hl. Storleiken på dese fartøya er frå 134 - 210 fot. Fiske for denne flåten refererer seg til loddefiske på Island og Jan Mayen, samt kolmulefiske vest for Dei Britiske øyer og makrell og sildefiske i Nordsjøen/Nordskehavet. Austevoll fekk to nye fiskebåtprosjekt i året som gjekk. Dette var to nye fabrikkfartøy for fiskefilet-og farseprodukter. Begge desse fartøya er utskifting av eldre ringnotfartøy. Farse-og filetproduksjon vart lite nytta i 1987 medan frysekapasiteten til rundfrysing vart godt nytta for desse to fartøya.

Det er vidare eit garn-/snurpefartøy på 90 fot under konsesjonsgrensa som foruten å drive garnfiske i Nordsjøen deltek med ringnot og snurrevad. Snurrevadfiske etter torsk på Finnmarkskysten om vinteren, samt Nordsjøfisket etter sild og makrell om sumaren.

Fartøy i mellomstorleiken frå 40 til 90 fot er det få av i Austevoll.

I 1987 var det berre eit fartøy som dreiv industritrålfiske i Nordsjøen.

Kyst-og fjordfiske etter brisling vart kun driven av eit fartøy i meldingsåret.

Vidare var det eit fartøy som dreiv torskefiske med garn i Lofoten under vintersesongen.

Det er ein stor sjarkflåte i Austevoll mellom 20 og 40 fot. Hovuddriftsforma for denne flåten er i alt vesentleg notfiske etter makrell og makrell, drivgarnsfisket etter makrell og laks sumarstid, samt kyst-og fjordfiske med bottengarn etter lange, sei og hå. Berre nokre få fiskesjarkar vert driven på heilårsbasis. Hovuddelen av denne flåten vert driven av havfiskarar mellom ringnotsesongane, samt av fiskarar som driv fiske som attåtnæring.

Tabell 3.2. Oversikt over dei merkeregistrerte fiskefarkostane for 1987.

I Austevoll Kommune er fartøya i storleiken 5 til 15 m den yngste flåten. Fartøya i storleikan 15 til 30 m er det berre få av, og dei fleste av desse er eldre fartøy. Av dei største fartøya (ringnotflåten) er ca halvparten forholdsvis nye fartøy. Dei eldre fiskefartøya i denne flåten er tidlegare kvalbåtar eller trålarar, som vart ombygde til snurparar med dorryar, og seinare til ringnotsnurparar.

I Os kommune er også fartøya i storleiken 5 til 15 m den yngste flåten (sjarkfartøy). Av dei 3 ringnotfartøya (over 30 m) er det eit relativt nytt fartøy og dette fartøyet dreiv også med kolumletråling i 1987. Dei 2 andre ringnotfartøya er eldre ombygde kvalbåtar. Dei 3 øvrige fartøya (15 - 20 m) er brislingbruk.

Fiskefartøya i Fusa er hovudsakeleg sjarkar og nokre av desse dreiv også med brislingfiske i 1987. Slik merkeregisterdata syner så består fiskefartøya i Fusa i storleiken 5 - 15 m.

I Tysnes kommune er det omtrent berre fartøy frå 5 - 10 m. Eit brislingfartøy er i storleiken 15 - 20 m.

Frå Samnanger kommune føreligg det ikkje merkeregisterdata ved denne årsmeldinga. Kommunen har berre nokre få merkeregistrerte fiskefartøy og desse er alle relativt små båtar.

For samtlege kommuner som er nemnt ovanfor så er dei minste fartøya hovudsakeleg driven av A-fiskarar, og dette er i stor grad pensjonistar som driv småfiske/heimefiske.

DEN HJEMMEHØRENDE FISKEFLÅTE PR. 31.12.1987. HJEMSTEDSFYLKE: HORDALAND

REG.KOMMUNE: H - AV I I SIDE 3

MASKINSTØRREELSE I HK

LENGDE	TOTALT	UNDER 10	10-29	30-59	60-99	100-199	200-299	300-399	400-499	500-699	700-899	900-1199	OV.1199	UOPPGITT
0.0 - 4.9M	3	I	1	2	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
5.0 - 9.9M	132	I	29	44	30	19	10	-	-	-	-	-	-	-
10.0 - 14.9M	30	I	-	-	1	11	18	-	-	-	-	-	-	-
15.0 - 19.9M	5	I	-	-	-	-	-	3	2	-	-	-	-	-
20.0 - 24.9M	1	I	-	-	-	-	1	-	-	-	-	-	-	-
25.0 - 29.9M	2	I	-	-	-	-	-	-	-	1	-	1	-	-
30.0 - 34.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
35.0 - 39.9M	1	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	1	-
40.0 - 44.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
45.0 - 49.9M	1	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	1	-
50.0 OG OVER	15	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	15
UOPPGITT	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
T O T A L T	190	I	30	46	31	30	29	3	2	1	-	1	2	15

B Y G G E R R

BYGGEMATERIALE

LENGDE	TOTALT	IFØR 1929	1930-39	1940-49	1950-59	1960-69	1970-74	1975-79	ET.1979	UOPPGITT	STÅL	TRE	PLAST	ANNET
0.0 - 4.9M	3	I	-	-	-	1	-	-	2	-	-	-	3	-
5.0 - 9.9M	132	I	1	1	1	12	26	16	38	35	2	69	62	1
10.0 - 14.9M	30	I	1	2	-	1	1	1	6	18	-	11	17	1
15.0 - 19.9M	5	I	-	1	-	3	1	-	-	-	-	5	-	-
20.0 - 24.9M	1	I	-	1	-	-	-	-	-	-	-	1	-	-
25.0 - 29.9M	2	I	-	-	-	1	-	-	1	-	-	1	-	-
30.0 - 34.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
35.0 - 39.9M	1	I	-	-	-	-	1	-	-	-	-	1	-	-
40.0 - 44.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
45.0 - 49.9M	1	I	-	-	-	-	1	-	-	-	-	1	-	-
50.0 OG OVER	15	I	-	-	4	4	-	1	3	3	-	15	-	-
UOPPGITT	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
T O T A L T	190	I	2	5	5	21	31	18	48	58	2	19	87	82

Samanlikna med 1986 så viser denne tabellen ein forandring på kun eit fartøy meir i merkereg. for 1987.



DEN HJEMMEHØRENDE FISKEFLÅTE PR. 31.12.1987. HJEMSTEDSFYLKE: HORDALAND

REG.KOMMUNE: H - O I		MASKINSTØRRELSE I HK													UOPPGITT	SIDE 18
LENGDE	TOTALT	UNDER 10	10-29	30-59	60-99	100-199	200-299	300-399	400-499	500-699	700-899	900-1199	OV.1199	UOPPGITT		
0.0 - 4.9M	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-		
5.0 - 9.9M	39	8	16	6	9	-	-	-	-	-	-	-	-	-		
10.0 - 14.9M	6	1	1	-	2	2	-	-	-	-	-	-	-	-		
15.0 - 19.9M	3	-	-	1	-	-	2	-	-	-	-	-	-	-		
20.0 - 24.9M	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-		
25.0 - 29.9M	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-		
30.0 - 34.9M	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-		
35.0 - 39.9M	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-		
40.0 - 44.9M	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-		
45.0 - 49.9M	3	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	1	2	-		
50.0 OG OVER	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-		
UOPPGITT	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-		
TOTALT	51	9	17	7	11	2	2	-	-	-	-	1	2	-		

LENGDE		BYGGEGÅR									BYGGEMATERIALE				
LENGDE	TOTALT	IFØR 1929	1930-39	1940-49	1950-59	1960-69	1970-74	1975-79	ET.1979	UOPPGITT	STÅL	TRE	PLAST	ANNET	
0.0 - 4.9M	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	
5.0 - 9.9M	39	1	1	1	5	8	4	9	8	2	-	22	16	1	
10.0 - 14.9M	6	1	-	-	1	-	-	2	1	1	1	3	1	1	
15.0 - 19.9M	3	1	-	1	1	-	-	-	-	-	-	3	-	-	
20.0 - 24.9M	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	
25.0 - 29.9M	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	
30.0 - 34.9M	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	
35.0 - 39.9M	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	
40.0 - 44.9M	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	
45.0 - 49.9M	3	-	2	-	-	-	-	1	-	-	3	-	-	-	
50.0 OG OVER	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	
UOPPGITT	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	
TOTALT	51	3	3	2	7	8	4	12	9	3	4	28	17	2	

Samanlikna med 1986 så viser denne tabellen ein forandring på kun eit fartøy mindre i 1987.

DEN HJEMMEHØRENDE FISKEFLÅTE PR. 31.12.1987. HJEMSTEDSFYLKE: HORDALAND

---

REG.KOMMUNE: H - FS I SIDE 11

---

MASKINSTØRRELSE I HK

---

LENGDE	TOTALT	UNDER 10	10-29	30-59	60-99	100-199	200-299	300-399	400-499	500-699	700-899	900-1199	OV.1199	UOPPGITT
0.0 - 4.9M	1	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
5.0 - 9.9M	20	6	6	7	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-
10.0 - 14.9M	5	-	-	-	3	2	-	-	-	-	-	-	-	-
15.0 - 19.9M	2	-	1	-	-	1	-	-	-	-	-	-	-	-
20.0 - 24.9M	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
25.0 - 29.9M	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
30.0 - 34.9M	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
35.0 - 39.9M	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
40.0 - 44.9M	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
45.0 - 49.9M	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
50.0 OG OVER	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
UOPPGITT	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
<b>TOTALT</b>	<b>28</b>	<b>7</b>	<b>7</b>	<b>7</b>	<b>4</b>	<b>3</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>

---

BYGGEGEAR

---

LENGDE	TOTALT	IFØR 1929	1930-39	1940-49	1950-59	1960-69	1970-74	1975-79	ET.1979	UOPPGITT	STÅL	TRE	PLAST	ANNET
0.0 - 4.9M	1	-	-	-	-	-	-	-	1	-	-	1	-	-
5.0 - 9.9M	20	-	-	-	1	5	2	4	8	-	-	8	12	-
10.0 - 14.9M	5	-	-	-	1	-	1	1	2	-	-	4	1	-
15.0 - 19.9M	2	-	1	-	1	-	-	-	-	-	-	2	-	-
20.0 - 24.9M	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
25.0 - 29.9M	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
30.0 - 34.9M	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
35.0 - 39.9M	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
40.0 - 44.9M	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
45.0 - 49.9M	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
50.0 OG OVER	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
UOPPGITT	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
<b>TOTALT</b>	<b>28</b>	<b>-</b>	<b>1</b>	<b>-</b>	<b>3</b>	<b>5</b>	<b>3</b>	<b>5</b>	<b>11</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>15</b>	<b>13</b>	<b>-</b>

---

Samanlikna med 1986 så viser denne tabellen ein forandring på kun eit fartøy meir i 1987.

DEN HJEMMEHØRENDE FISKEFLÅTE PR. 31.12.1987. HJEMSTEDSFYLKE: HORDALAND

REG. KOMMUNE: H - T I		MASKINSTØRRELSE I HK												UOPPGITT	SIDE 25
LENGDE	TOTALT	I	UNDER 10	10-29	30-59	60-99	100-199	200-299	300-399	400-499	500-699	700-899	900-1199	OV.1199	
0.0 - 4.9M	1	I	1	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
5.0 - 9.9M	28	I	7	17	3	-	-	1	-	-	-	-	-	-	-
10.0 - 14.9M	1	I	-	-	-	-	-	1	-	-	-	-	-	-	-
15.0 - 19.9M	1	I	-	-	-	-	-	1	-	-	-	-	-	-	-
20.0 - 24.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
25.0 - 29.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
30.0 - 34.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
35.0 - 39.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
40.0 - 44.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
45.0 - 49.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
50.0 OG OVER	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
UOPPGITT	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
T O T A L T	31	I	8	17	3	-	3	-	-	-	-	-	-	-	-

LENGDE		TOTALT	BYGGGER							BYGGEMATERIALE					UOPPGITT
			IFØR 1929	1930-39	1940-49	1950-59	1960-69	1970-74	1975-79	ET.1979	STRL	TRE	PLAST	ANNET	
0.0 - 4.9M	1	I	-	-	-	-	-	-	1	-	-	-	1	-	
5.0 - 9.9M	28	I	-	-	-	4	9	3	5	7	-	17	11	-	
10.0 - 14.9M	1	I	-	-	-	-	-	-	1	-	-	1	-	-	
15.0 - 19.9M	1	I	-	-	-	1	-	-	-	-	-	1	-	-	
20.0 - 24.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	
25.0 - 29.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	
30.0 - 34.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	
35.0 - 39.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	
40.0 - 44.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	
45.0 - 49.9M	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	
50.0 OG OVER	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	
UOPPGITT	-	I	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	
T O T A L T	31	I	-	-	-	5	9	3	7	7	-	19	12	-	

Samanlikna med 1986 så viser denne tabellen ein avgang på 6 fartøy i 1987.

3.3. Konesesjonsbilete for kommunene.

Tabellen nedanfor syner konesesjonane/fiskeriløyva for dei av fartøya i Austevoll som hadde ein eller fleire konesesjonar ved utgangen av 1987.

Tabell 3.3.a. Konesesjonsbilete for Austevoll Kommune.

	Ringnot	Kolm. trål	Norsk vårg. sild	Brisling landnot	Brisling snurpenot	Ind. trål	Drivg. laks
Ringnot	8	10 *					
Norsk vårg. sild							
Brisling snurpenot					2		
Brisling landnot							
Industri-trål	1 *						
Drivg. laks							33

\*) Fartøy med meir enn ein konesesjon.

3.3.b. Konesesjonsbilete for Os Kommune.

- 3 fartøy med ringnotkonesesjon, og ein av desse har kolmuletrålkonesesjon.
- 5 fartøy har brislingkonesesjon med snurpenot
- 3 fartøy har brislingkonesesjon med landnot.
- 1 fartøy har konesesjon for drivgarnsfiske etter laks.

3.3.c. Konesesjonsbilete for Fusa Kommune.

- 6 fartøy har brislingkonesesjon med snurpenot
- 14 fartøy har brislingkonesesjon med landnot.

3.3.d. Konesesjonsbilete for Tysnes Kommune.

- 1 fartøy har brislingkonesesjon.
- 8 fartøy har brislingkonesesjon med landnot.

3.3.e. Konesesjonsbilete for Samnanger Kommune.

- 5 fartøy har brislingkonesesjon for fiske med landnot.

4. Foredlingsleddet.

4.1. Mottakstasjonar/tilverknad.

I Austevoll Kommune er det 2 mottakstasjonar som tek mot fisk for Vest-Norges Fiskesalgslag.

Desse 2 stasjonane er følgjande:

1. Møkster Pakkeri A/S på Møkster.
2. Austevoll Fiskeindustri A/S, på Storebø

Tabell 4.1. gjev eit oversyn over kvantum av fiskeressursar motteken for Vest-Norges Fiskesalgslag på desse mottakstasjonane.

Den 1. stasjonen, Møkster Pakkeri A/S vil verta omtalt under kap. for fiskeoppdrett/akvakultur.

Den 2. stasjonen, Austevoll Fiskeindustri A/S, er eit moderne fisketilverknadsanlegg.

I tillegg til å gjera teneste som lokal mottaksstasjon, var verksemnda i grove trekk for 1987 engasjert med følgjande:

Rundfrysing av sild:	1.254 tonn + 626 t til fôr
Filetering av sild:	250 "
Rundfrysing av makrell	2.223 "
Saltfiskproduksjon:	
Sløya, pakka og solgt	2.100 tonn laks
Røykelaks	150 "
Produsert og levert oppalsfor	3.020 "
Lodde til oppalsfor	400 "

Verksemnda hadde ein årssomsetnad på ca. 142 mill kr.

Tabell 4.1. gjev eit oversyn over dei fiskeressurser som vert levert til våre fiske mottakstasjonar i Austevoll i 1987.

Tabell 4.1. syner samanlikning med tidlegare år.

	TORSK KG	PALE KG	SEI KG	LYR KG	HYSE KG	PIGGHÅ KG	BROSME KG	LANGE KG	ANNET KG
1983	92.191	143.506	517.842	37.029	12.960	63.930	49.478	237.966	41.983
1984	21.769	211.562		14.650	9.443	74.198	70.799	219.407	7.181
1985	5.530	122.111		2.993	5.014	39.805	5.916	24.200	3.011
1986	4.373	170.100	34.089	3.198	5.299	5.750	4.893	21.860	5.260
1987	9.000	216.000		3.000	13.000	17.000	8.000	16.000	5.903.000

I tillegg er levert ca. 2.000 kg havfanga laks som ikkje er medteken i tabellen.

Storparten av ovannemnte ressurser levert i 1987 og som er navngjeven kan ein betrakta som lokale ressurser. Når det gjeld rubrikken heilt til høgre, annet, så er dette stort sett ilandbrakt frossent trålråstoff som er havfanga. Det totale omsetningsverdet i 1987 var på ca. 20 mill. kr.

Tabellen nedanfor viser oppfiska kvantum levert ved fiske-mottaket på Våge i Tysnes for 1987.

Tabell 4.2.

	TORSK KG	PALE KG	SEI KG	LYR KG	HYSE KG	PIGGHÅ KG	BROSME KG	LANGE KG	ANNET KG
1986	2.305		15.264	3.028	9.010	36.715	2.458	6.506	4.898
1987	6.000	19.000		4.000	2.000	48.000	5.000	5.000	5.000

Leveringskvantumet i Tysnes har ein jevn auke for dei fleste fiskeslag og fyrstehandsverdet er på ca. 560.000 kr.

Av det anslagne kvantum har vi gjeve slik fordeling:

Lodde ca. 20 %, makrell 13 %, kolmune 32 %, sild/brisling 32 %, og tobbis/augepol ca. 3 %.

P.g.a. manglande statistikkmateriale har det ikkje vore mogeleg å utarbeida statistikk for den havgåande flåten for 1986 og 1987.

\*)

For 1987 er vi anslagsvis komen fram til eit kvantum på ca. 1,5 mill hl. og eit fyrstehandsverde på ca. 145 mill. kr. jfr tabell 4.3.

Tabell 4.3. syner samanlikning med tidlegare år.

	Lodde 1000 hl	Makrell 1000 hl	Sild/brisl 1000 hl	Kolmule 1000 hl	Tobbis/augep. 1000 hl	TOTALT	
						1.000 hl	1.000 kr
1981	1.774,1	73,7	34,4	518,7	8,2	2.409,1	130.492,0
1982	1.647,7	133,4	99,2	561,9	24,8	2.566,9	131.948,0
1983	2.167,5	138,4	132,2	661,9	27,8	3.127,8	156.916,3
1984	1.365,4	268,4	280,6	632,8	43,0	2.590,3	161.393,4
1985	885,5	165,6	406,7	523,7	19,9	2.001,4	125.046,0
*) 1987	300,0	200,0	480,0	480,0	40,0	1.500,0	145.000,0

### 5. Fiskeoppdrett/Akvakultur.

Dei siste åra har fiskeoppdrett utvikla seg svært interessant for Austevoll Kommune.

I 1987 var det 24 fiskeoppdrettsanlegg av laks og aure rundt omkring i kommunen med eit samla konsesjonsvolum på 214.000 m<sup>3</sup>.

I tillegg var det eit setjefiskanlegg av laks og aure i drift med konsesjonstal på 300.000 stk. smolt pr år.

Dessutan fekk 8-10 søkjarar konsesjon for oppdrett av marine arter i 1987, men berre 2 av søkjarane kom igang med oppdrett av torsk (matfisk).

Det eine anlegget med konsesjon for 8.000 m<sup>3</sup> og det andre med 1.000 m<sup>3</sup>. Eit anlegg for marin yngel produksjon kom også i drift i 1987 i Austevoll.

Mangel på yngel/setjefisk er årsaka til at ikkje fleire marine anlegg er komen i gang.

For lakseoppdrettarane var det ingen problem med å få tak i den smolten dei hadde bruk for i 1987.

Tabell 5. gjev eit oversyn over fiskeoppdrettsnæringa i Austevoll frå 1982 til 1987.

Tabell 5. Fiskeoppdrett i Austevoll.

År	Konsesj. vol. 1.000 m <sup>3</sup>	Innkj. Smolt 1.000 stk	Innkj. settef. 1.000 stk.	Laks solgt		Aure solgt	
				1.000 kg	1.000 kr.	1.000 kg	1.000 kr
1982	123	581	20	619	21.182,3	89	1.741
1983	126	689	4	1.491	51.596,7	42	877
1984	200	834,5	14,8	1.787,5	63.797,3	13,2	352,2
1985	200	1.083,0	101,5	2.160,9	93.290,7	23,6	527,5
1986	209	1.420,0	20,0	3.272,0	111.700,0	4,6	100,0
1987	214	2.200,0		3.700,7	142.294,9	92,8	1.889,8

Vi ser av tabellen at det er laks som utgjer det alt vesentlegaste både i vekt og verdi.

Slik tabellen syner så vart det solgt 3.700 tonn laks og 93 tonn regnbogaure i 1987.

Tabell 5 syner ein interessant utvikling frå 1982 -1987, og ein formoder at denne auken vil fortsetja i same trend i åra frametter.



Tabellen syner ei svært interessant utvikling av fiskeoppdrettsnæringa i Austevoll.

Ved sjølv å vidareforedla meir av denne ressursen ved røyking, graving, salg av filet m. m. så er det heilt klart at fiskeoppdrettsnæringa vil verta ei svært viktig næring for Austevoll Kommune i åra som kjem.

Etter det som er innteken av smolt i mærane i 1986 og 1987 så forventar me ca 6.000 t slaktevekt i 1988.

Interessen for dyrking av blåskjell har minka etterkvart og den drifta som føregår kan nærmast betraktast som ein hobby. Dette avdi dyrkarane har vore plaga med ærfugl, sekke dyr og sjøstjerner, og det har over fleire år synt seg eit dårleg resultat i ytre strok.

Dyrking av østers har gjeve noko betre resultat enn dyrking av blåskjell, særleg i Tysnes kommune. Det som i første rekkje avgrensar dyrking av dette er mangel på yngel. Ein stor del av østersyngelen må importerast, og dette har igjen bydd på vanskar med strenge krav til importløyve, og alltid mindre kvantum enn etterspurnaden.

Norsk Akvakultur A/S var primært bygd for mottak av blåskjell og østers, men p.g.a. råstoffmangel, la denne ned skjellproduksjonen. Verksemnda hadde ein omsetnad i 1987 på ca.1.200 tonn laks og 50 tonn regnbogeaure. Noko av dette vart solgt som røykt vare.

Norsk Akvakultur A/S hadde ein årsumsetnad på 57 mill kr. i 1987.

Møkster Pakkeri A/S starta opp i 1984.

Verksemnda pakka laks og regnbogeaure for andre oppkjøparar både innanfor og utanfor kommunen.

Pakkeriet har fått godt gjennomslag for tenestene sine. I 1987 hadde verksemnda ein omsetnad på 1.013 tonn laks og aure (hovudsakleg laks) med ei pakkegodtgjersle/årsumsetnad på 5,5 mill kr. Av dette var også ein del kjøp og salg av makrell og anna fisk utanom oppdrettsfisk.

Verksemnda har svært mykje å bety for lokalbusetnaden på Møkster og allerede i 1985 utvida dei og bygde på eit tilbygg.

Austevoll Røykeri A/S hadde visse vanskar med drifta i 1987 og vi har ikkje heilt klare tal for deira verksemnd frå 1987. Eit grovt anslag med ein årsumsetnad i underkant av 30 mill. kr. kan likevel vera retningsgjevande. Verksemnda deira var kjøp og salg av fersk laks og røykelaks.

Slik akvakultur/fiskeoppdrettsnæring er i ferd med å utvikla seg så reknar ein framtidsretta med at både Nors Akvakultur A/S, Austevoll Røykeri A/S, Austevoll Fiskeindustri A/S og Møkster Pakkeri A/S, i framtida vil få ei auka sysselsetting med fleire arbeidsplassar, noko som er svært positivt for ein fiskerikommune som Austevoll.

I Os Kommune er det 3 etablerte fiskeoppdrettsanlegg to på 8.000 m<sup>3</sup> kvar, og eit på 5.000 m<sup>3</sup>.  
Anlegga i Os omsette ca. 355 tonn laks og 47 tonn ørret i 1987 til ein førstehandsverdi av 16,8 mill kr.  
Anlegga i Os sette ut 205.000 stk. laksesmolt og 10.000 stk. aure i 1987.

Gje-Vi Røykeri A/S i Os starta opp i 1984 og er eit kombinert pakkeri/røykeri for laks og aure.  
Verksemnda har ikkje eksport/kjøpsløyve så dei pakkar for andre som har slikt løyve. Det som går som røykt vare driv dei for eiga rekning. Verksemnda er komen godt igang og har fått godt gjennomslag for tenestene sine. I 1987 hadde verksemnda ein årsumsetnad på ca. 1.050 tonn til ein verdi av 6 mill kr, i hovudsak pakkegodtgjersle på fersk omsetnad for andre.

I Fusa Kommune kan ein ved utgangen av -87 oppgje følgjande:

14 stk. matfiskanlegg med eit samla kons. vol.: 75.000 m<sup>3</sup>

9 stk. setjefiskanlegg med samla kons. 2.870.000 stk.  
sjødyktig setjefisk.

8 av matfiskanlegga driv med regnbogeaure i ferskvatn.  
2 av matfiskanlegga har også eigen slakte/pakkestasjon, og fungerer som pakkestasjon for ein stor del av fisken (fersk tilstand) frå oppdrettarar i Fusa.

I Fusa Kommune vart det solgt 775 tonn laks til ein verdi av ca. 33 mill. kr. og 270 tonn aure til ein verdi av 6,2 mill. Oppdrettarane i Fusa sette ut 450.000 stk. laksesmolt og 125.000 stk setjefisk av regnbogeaure i 1987.

To av anlegga i Fusa kommune har eigne pakkeri som mottek ein god del av fisken i Fusa. Det eine pakkeriet pakka 506 tonn laks og aure, av dette 86 tonn aure med ei pakkegodtgjersla på 2 mill. kr. Det andre anlegget pakka 418 tonn laks og aure, av dette 51 tonn aure med ei pakkegodtgjersle på ca. 1,9 mill kr.

Tysnes Kommune:

- 5 stk. setjefiskanlegg med ein samla konsesjon på 2.000.000 stk smolt/setjefisk.
- 5 matfiskanlegg med konsesjon på 8.000 m<sup>3</sup> kvar.

Tysnes hadde salg i 1987, på 705 tonn til ein verdi av kr.26,7 mill. Utsett smolt i Tysnes i 1987 ca 500.000 stk.

Tysnes Pakkeri kom igang i siste halvdel av 1987. Dette pakkeriet er svært kjærkomne arbeidsplassar på Reksteren og ein forventar at det vert gode arbeidsplasser i framtida. I 1987 hadde Tysnes Pakkeri ein omsetnad på 420 tonn og eit fyrstehandsverde på 2.2. mill i pakkegodtgjersle.

Samnanger Kommune har eit setjefiskanlegg med konsesjon for 500.000 stk. setjefisk av laks og aure.

6. Låne og finansieringskjelder.

6.1. Statens Fiskarbank.

Tabellen nedanfor gjev eit oversyn over omsøkte og innvilga lån i Statens Fiskarbank i 1987.

Tabell 6.1. a. Austevoll.

Ant	Søknadstype	Omsøkt 1.000 kr	Innvilga 1.000 kr		Innvilgelsesgrad i %
			Lån	Rentestøtte	
6	Nytt fartøy/R.støtte	93.208,6	0	1	- -
1	Brukt fartøy	68,0	68,0		100 %
1	Kondemnering		7.200,0		-
6	Redskapslån/utstyr	3.656,0	1.445,0		40 %
5	Omb.fartøy/ R.støtte	15.600,0	3.950,0	3	25 %
1	Tilsk. lineegnesentral		0,6		
	Totalt - 87.		12.663,6		

Tabellen syner følgjande:

6 søknader om nytt fartøy slik:

2 søknader vedr. utskifting av 2 ringnotfartøy ( utgjer storparten av søknadsmassen i denne rubrikk), ikkje innvilga.

2 søknader til nye sjarker, med avslag.

2 søknader til nye brønnfartøy med avsalg på lån, men ein fekk rentestøtte.

1 søknad om overtaking av påkvilande lån ved kjøp av brukt fartøy, innvilga som omsøkt.

1 søknad om kondemnering av eit eldre ringnotfartøy, innvilga men ikkje benytta.

6 ulike søknader om redskap-/utstyr der 5 vart innvilga noko redusert.

5 søknader til større ombygging/rentestøtte slik:

1 søknad om kun rentestøtte til brønnfartøy, med avslag

4 søknader om lån og rentestøtte frå ringnotfartøy til ombygging/utstyr. Alle fekk innvilga redusert lån, men berre 3 fekk rentestøtte.

1 søknad om tilskudd til lineegnesentral frå sjark og denne vart innvilga.

## 6.2. Andre låne - og Finansieringskjelder.

Fleire verksemnder fekk i 1986 delfinansiering gjennom Distriktenes Utbyggingsfond i form av lån, tilskott, samt garanti for driftskredittlån.

Tabell 6.2. Tilsagn om lån og tilskott frå DU til fiskeri- og akvakulturverksemnder i Austevoll, Os, Fusa, Tysnes og Samnanger i 1986. ( i 1.000 kr.)

	<b>Talet på verksemnder</b>	<b>Lån</b>	<b>Garanti</b>	<b>Inv.tilsk.</b>	<b>Bedr.utv. tilskott</b>
<b>Austevoll</b>	8	2355	1600	120	111
<b>Os</b>	0	-	-	-	-
<b>Fusa</b>	3	1915	-	1045	-
<b>Tysnes</b>	5	3410	4175	1790	73
<b>Samnanger</b>	0	-	-	-	-
<b>SUM</b>	16	7680	5775	2955	184

Statistikk for 1987 føreligg ikkje.

## 7. Tiltak/tiltaksarbeid.

Av tiltak som rettleiarkontoret i meldingsåret har arbeidd aktivt med kan i stikkordsform nemnast:

- Utbygging av akvakulturnæringa, herunder lokaliseringsarbeid, særleg søknad om konsesjonar av marine arter, søknad om utviding av eksisterande konsesjonar, samt søknad om finansiering innanfor fiskeoppdrett.
- Samarbeid med tiltaksarbeider i Austevoll Kommune om diverse fiskeriavleia idustritiltak.
- Arbeid med kommuneplan.
- Arbed med kystzoneplan
- Lenka.

## 8. Summering.

### 8.1. Rettleiingstenesta.

Rettleiartenesta i Austevoll m/Fiskerinemnda og Fiskerirettleiaren hadde eit aktivt år i 1987. Saker av ulik art har vore handsama og oppfylgd, saker som har med tradisjonelt fiskeri å gjera, samt saker med søknad om unntak frå plan-og bygningslova og særleg saker i samband med akvakultur/fiskeoppdrett.

Fiskerirettleiaren har også vore behjelpeleg med opplegg samt hatt informasjon og omvisning i samband med mange delegasjonar både frå inn-og utland, som har vitja fiskeri-/og akvakulturverksemndene i kommunen i løpet av meldingsåret.

Grunna stort arbeidspress i året som gjekk så strakk ikkje tida til for planleggjande og oppsøkjande virke i den grad ein kunne ynskja.

Me vil likevel trekkja den slutning at rettleiarfunksjonane i Austevoll ikkje er blitt forsømt. Funksjonane til kontoret er no så godt kjendt at brukarane meir og meir vender seg til kontoret, slik at det ikkje lenger er same trong for oppsøkjande virke som det var tidlegare.

### 8.2. Fiskerinæringa.

1987 var eit relativt godt år for den havgåande fiskeflåten frå Austevoll, sjølv om loddefisket i Barentshavet var heilt stoppa.

Sviktande ressursgrunnlag av dei ymse fiskeslaga, særleg lodde, sild og makrell har gjort det nødvendig med kraftige reguleringar, og for fiskerinæringa i Austevoll gjev dette svært stort utslag.

Gjennom tidene har fisket mange gonger vore nede i bølgedaler og 1987 bar preg av å vera på veg opp frå ein slik bølgedal. Dette til tross for stopp i loddefisket i Barentshavet.

Av positive prognosar kan ein visa til at det synest som om både sildestamma og makrellstamma er i vekst på dei tradisjonelle felta og ein forventar ennå ei auka beskatning på desse ressursane.

Eit heilt nytt fiskeri er skjellskraping i Barentshavet og sjølv om dette er på eit tidleg prøvestadie, så har nokre Austevollingar satsa friskt på dette. Eit heilt topp moderne skjellskrapar fartøy frå Austevoll kom på feltet i des. -86 og kom i godt fiske heilt frå starten av. Fartøyet hadde svært godt fiske i 1987 men prisen på råstoffet landa på eit bunnnivå og det vart visse vanskar med omsetninga. Over halvparten av eigeomsforholdet vart solgt til utlandet i slutten av 1987. For dei som dreiv kyst-/småfiske så viser dette eit heller magert resultat 1987 og det er få som driv dette næringsmessig.

Fiskeflåten i Austevoll har ei samansetjing av relativt mange nye småbåter (sjarker), og dessutan framleis ein stor ringnotflåte.

Ca. halvparten av ringnotfartøya er eldre fartøy og moden for ei fornying/modernisering.

Lønsemnda i fisket gjer dette vanskeleg, men etter at byggjeforbodet mot å byggja nye fartøy vart oppheva fekk fleire reiarar i Austevoll løyve til å byggja nye fartøy og Austevoll fekk i meldingsåret 2 nye fabrikkfartøy, rigga for ombordproduksjon av filet og farse i 1987.

Det vert sett store forventningar til desse siste fartøya.

Trass i strenge kvotereguleringer og vanskelege finansieringsordningar syner trenden eit positivt pågangsmot.

Fleire reiarar i Austevoll har utskiftingsløyve til å byggja nye fartøy og det er grunn til å tru at i løpet av eit par år vil Austevoll Kommune ha fleire heilt nye og moderne ringnotfartøy.

Akvakulturnæringa har etter kvart utvikla seg til å verta ei viktig næring for Austevoll Kommune.

Det er særleg oppdrett av laks som er inne i ei intressant utvikling med fleire nye arbeidsplasser kvart år. I 1987 starta 2 anlegg med oppdrett av torsk og det skal verta intressant å sjå korleis denne næringa vil utvikla seg. På få år er oppdrettsnæringa blitt ein av dei største næringsgreinene, noko ein ser positivt på for Austevoll Kommune.

September 1988

FISKERIRETTLEIAREN I AUSTEVOLL